

# Plan for eit trygt skulemiljø i Austevoll kommune

Kap 9A i opplæringslova

## Innhald

Innleiing .....	1
Kjelder .....	2
Rettar og verdigrunnlag.....	2
Kva er krenkande ord og handlingar? .....	3
Eit heilskapleg og systematisk arbeid.....	4
Fremja eit trygt og godt skulemiljø .....	5
Førebyggja mobbing og andre krenkingar .....	6
Handtera mobbing og andre krenkingar .....	8
Verktøy for systematisk avdekking.....	8
Stoppa og handtera .....	9
Jobbing mot mobbing.....	9
Vedlegg/ressursbank.....	10
Rutine for å følgja med på skulemiljøet .....	10
Rutine for systematisk tilsyn/inspeksjon.....	11
Undersøking av skulegarden .....	12
Sjekkliste ved mistanke om mobbing .....	13
Spørjeskjema til elevane .....	14
Rutine ved handtering av krenkingar og mobbing.....	17
Konfronterande samtale .....	18
Skjema for avtale etter samtale med elevar etter avdekking av mobbing .....	19
Aktivitetsplan.....	20

## Innleiing

Alle elevar har rett til eit godt og trygt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. For å lukkast med dette skal skulane i Austevoll kommune arbeida systematisk og aktivt både med å fremja gode læringsmiljø, førebyggja og kunna handtera krenkingar og mobbing.

«Den viktigste kampen mot mobbing foregår før mobbingen slår rot», Erlend Moen, 2014. Primært skal vi førebyggja – sekundært skal vi gripa inn så tidleg som mogeleg. Arbeidet skal vera heilskapleg, langsiktig og systematisk.

Å avdekka handlar om proaktiv handling frå alle tilsette ved skulen. Når uønska hendingar skjer, og tilsette ved skulen oppdagar eller får melding om dette, skal prosedyrane i skulen sin tiltaksplan vera tydelege for korleis ein skal gå fram. Dette gjeld også om elevar opplever seg krenka av vaksne på skulen.

Denne planen gir- saman med overordna plan for det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet mot mobbing- føringar for korleis skulane skal arbeida for å skapa trygge og gode skulemiljø. Den gir alle som arbeider i grunnskulen eit verktøy og ei referanseramme for å kunna forstå og løysa saker med krenkande ord og handlingar.

Planen er tre-delt. Rettar og verdigrunnlag kjem først. Deretter kjem viktige faktorar i det heilskaplege og systematiske arbeidet på skulane. Denne delen viser konkret korleis ein kan arbeida godt med det førebyggjande mobbearbeidet, og korleis ein handterer ei mobbesak. Den siste delen er ein ressursbank.

## Kjelder

Utdanningsdirektoratet, rundskriv Skolemiljø Udir 3 – 2017

Askøy kommune, Bærum kommune

Innblikk (avdekka skjult mobbing), Læringsmiljøsentret

[https://laringsmiljosenteret.uis.no/getfile.php/13131383/L%c3%a6ringsmilj%c3%b8senteret/Pdf/Om%20senteret/Innblikk\\_PDF.pdf](https://laringsmiljosenteret.uis.no/getfile.php/13131383/L%c3%a6ringsmilj%c3%b8senteret/Pdf/Om%20senteret/Innblikk_PDF.pdf)

Spekter (ikkje- anonym mobbeundersøking), Læringsmiljøsentret

<https://laringsmiljosenteret.uis.no/skole/mobbing/filmer-boker-og-verktoy/spekter-kartleggingsverktoy/>

«Jobbing mot mobbing», overordna plan mot mobbing, Austevoll kommune

Tiltaksplan mot mobbing, Storebø skule

## Rettar og verdigrunnlag

Føremålsparagrafen i opplæringslova har nedfelt verdigrunnlaget for skulen. Føremålet med opplæringa er bl a at elevane skal utvikla «*kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistra liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet*». Eit grunnleggjande utgangspunkt for skulen sitt virke er at elevane skal få realisera potensialet sitt, til det beste for seg sjølv og andre.

Kap 9A i opplæringslova gir føringar for skulane sitt arbeid med å utvikla trygge skulemiljø, og gir alle elevar ein individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

I plandokumentet Austevollskulen 2015-2018; Kvalitet og utvikling er målsetjinga at

*Elevane i Austevollskulen skal oppleve eit trygt og inkluderande læringsmiljø der dei opplever meistring og får eit godt læringsutbytte.*

Dei etiske prinsippa i Austevoll kommune er truverd, respekt, openheit, mot og profesjonalitet. Barn og unge i Austevoll skal møte opne vaksne som er ærlege og lyttande og som viser respekt, trur på og bryr seg om barn og unge. Dei skal møte vaksne som har mot og innsikt til å ta barn og unge med på

avgjersle og få tilbakemelding frå dei, og mot til å handla når dei ser at nokon ikkje har det bra.

Det er viktig å hugsa på eleven sin rett til medverknad. §9A-8 omhandlar eleven si deltaking i arbeidet med skulemiljø – «*Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø*».

Barnekonvensjonen til FN gir barn grunnleggjande menneskerettar, og har fire sentrale prinsipp som skal vera førande for arbeid med barn:

- rett til vern mot diskriminering
- «barnets beste» skal vera eit grunnleggjande hensyn
- retten til liv og plikta til å sikra utvikling
- rett til å bli høyrte

Ein skal ta barn på alvor når dei melder om tilhøve i skulemiljøet som vert opplevd utrygt, og medverknad er eit grunnleggjande prinsipp. Profesjonelle vaksne skal ta ansvar og følgja opp saker når barn melder frå om korleis dei har det.

## Kva er krenkande ord og handlingar?

Krenkingar er ord eller handlingar som barn eller unge opplever som krenkande for integriteten sin, eller som gjer at dei kjenner seg ekskludert frå eit fellesskap. Krenkingar kan ha ulike former. Det kan vera alt frå enkeltståande ytringar eller hendingar til gjentekne episodar. Det omfattar bl a mobbing, vald, rasisme, trakassering og diskriminering. Det kan også vera erting, plaging, negative kommentarar, knuffing, baksnakking, ryktespreiing, utfrysing eller andre handlingar som gjer at barn og unge kjenner seg utrygge, kjenner ubehag eller ikkje føler seg inkludert i fellesskapen. Både barn, unge og vaksne kan krenka.

Vald inneber at nokon brukar makt for å skada andre.

Rasisme inneber at nokon vert behandla ulikt eller plaga grunna annan hudfarge eller fordi ein snakkar eit anna språk.

Identitetsbaserte krenkingar/diskriminering tyder at ein person vert dårlegare behandla eller trakassert grunna kjønn, legning, funksjonsevne, tru, hudfarge eller kor ein kjem frå.

Krenkingar har ulike former og går føre seg på ulike arenaer. Dei kan vera fysiske, verbale eller indirekte. Krenkingar skjer også digitalt, og er ofte mindre synlege og vanskelege for vaksne å avdekka. Digitale krenkingar som skjer mellom elevar på skulen eller som er relatert til skulen, er skulen sitt ansvar å handtera.

Krenkingar blir mobbing når åtferd blir gjenteken negativ og er retta mot ein elev som har vanskar med å forsvare seg. Det er mobbing når:

- nokon vert utsett for negative hendingar frå ein eller fleire
- hendingar pågår over tid
- det er ubalanse eller ujevnt styrketilhøve mellom den som plagar og den som vert plaga

Mobbing skal stoppast med ein gong. Uavhengig av definisjonane av krenking og mobbing, er det eleven si subjektive oppleving av skulemiljøet som er utgangspunktet, og skulen skal ta det på alvor.

## Eit heilskapleg og systematisk arbeid

Å oppretthalda og vidareutvikla trygge og gode skulemiljø krev eit heilskapleg, langsiktig og systematisk arbeid.

Arbeidet er tredelt:

- Fremja trygge og gode skulemiljø
- Førebyggja mobbing og andre krenkingar
- Handtera mobbing og andre krenkingar




## Fremja eit trygt og godt skulemiljø

Å fremja trygge og gode skulemiljø er ein del av den ordinære pedagogiske praksisen ved skulen og er ofte universelle tiltak som kjem alle elevane til gode.

Eit trygt og godt skulemiljø vernar mot mobbing og andre krenkingar. Ein føresetnad for at skular kan skapa eit trygt og godt skulemiljø og hindra krenkingar, er eit systematisk førebyggjande arbeid. Det er fleire faktorar som fremjar og opprettheld dette:

- God leiing, organisasjon og kultur for læring
- Positive relasjonar mellom vaksen og elev
- Positive relasjonar mellom elevane
- Klasseleiing
- Heim/skule-samarbeidet



### God leiing, organisasjon og kultur for læring

Skular som arbeider systematisk og felles har det beste utgangspunktet for å lukkast. Opplæringslova seier at arbeidet skal foregå *kontinuerleg og systematisk*. Kontinuerleg tyder at arbeidet skjer heile tida og ikkje berre td ved oppstart av eit skuleår. Systematisk tyder at arbeidet er aktivt, gjennomtenkt og planmessig, og skjer ved deltaking av alle tilsette, også tilsette i SFO.

### Positive relasjonar mellom vaksen og elev

Gode relasjonar mellom vaksne og barn/unge er heilt sentrale byggeklossar for å skapa tryggleik, trivsel og læring. Utvikling av gode relasjonar til alle elevar og emosjonell støtte i læringsarbeidet gjer at klimaet i klassen vert trygt. Relasjonen lærar-elev skal vera asymmetrisk. Tanken er at den autoritative lærar som balanserer kontroll og varme har dei beste føresetnader for å utvikla læringsmiljøet til miljø for motivasjon, meistring og medverknad.

### Positive relasjonar mellom elevane

Kvaliteten på læringsmiljøet i klassane har ein klar samanheng med korleis dei sosiale relasjonane mellom elevane er. Positive relasjonar elevane imellom er ein svært viktig «beskyttelsesfaktor» i livet til barn og unge, og avgjerande for om elevane har det bra på skulen eller ikkje. Det optimale i det førebyggjande skulemiljøarbeidet er at elevane deltek og har ei aktiv rolle, både i klassane og elevrådet. Elevrådet skal ikkje berre orienterast, men ha ei aktiv rolle slik at ein får eigarskap. Elevrådet kan td ta ansvar for ulike aktivitetar som fremjar skulemiljøet.

### Klasseleiing/læringsleiing

Gode relasjonar er ikkje tilstrekkeleg for å skapa gode læringsmiljø. Den vaksne si evne til å leia klassar og grupper er avgjerande for læringsmiljøet. Det handlar om å skapa gode relasjonar elevane imellom og inkludera tiltak som fremjar tilhøyre og vennskap, fellesskap og samhald. Derfor er klasseleiing eit innsatsområde som det må arbeidast med kontinuerleg og systematisk. Det same gjeld leiing av barn i SFO.

### Heim/skule-samarbeidet

Samarbeidet mellom heim og skule er eit gjensidig ansvar, og det er skulen som skal ta initiativ til og leggja til rette for samarbeidet. Føresette er ein ressurs for å skapa eit godt skulemiljø.

Engasjementet og sosiale ressursar som føresette har, er sentrale i skulen si formidling av skulen sine normer og verdiar. Elevane vil lettare ta til seg skulen sine normer og verdiar når føresette også støttar opp om desse. Skule/heim-samarbeidet skjer på ulike nivå; foreldregruppa som heilskap, FAU og i møte med einskilde. Skulane skal gi regelmessig informasjon om klassemiljø.

Ordensreglementet i Austevoll er ei forskrift og gir retningslinjer for korleis skulemiljøet skal vera. Skulane har sitt ordensreglement knytt til denne forskrifta.

Austevoll kommune sin overordna plan: «Jobbing mot mobbing» pålegg ikkje skulane om å gå inn i eit bestemt program som motverkar mobbing. Kravet er at skulane har tiltaksplanar mot mobbing, og i desse planane skal det gjerast ei aktiv vurdering av skulebaserte tiltaksprogram.

*«Skulen skal arbeida kontinuerleg og systematisk for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane.....Rektor har ansvaret for at dette blir gjort». Opplæringslova 9A-3*

Skulen sin tiltaksplan 9A skal ta utgangspunkt i retningslinjene i dette dokumentet:

- Planen skal ha årshjul som viser mål og aktivitetar for arbeidet med skulemiljøet
- Planen skal visa kollektive standardar som seier korleis skulekvardagen skal vera
- Planen skal ha inspeksjonsplan med rutiner
- Planen skal vera kjent for alle tilsette, og aktivitetsplikta til dei tilsette skal koma tydeleg fram
- Planen skal gjennomgåast i elevråd og i personalet, og presenterast i FAU/SU, på foreldremøte
- Planen skal evaluerast 1 g/år, og tidfestast i årshjulet


## Førebyggja mobbing og andre krenkingar

Å førebyggja mobbing og andre krenkingar har som mål å minska risikoen for at mobbing og andre krenkingar skjer.

**Profesjonelle vaksne som kan oppdaga mobbing** Alle som arbeider ved skulen har ei lovfesta aktivitetsplikt i arbeidet med å avdekka og stoppa krenkingar.

Aktivitetsplikta inneber plikt til å:

- ✓ **Følgja med** Alle som arbeider ved skulen har ei plikt til å følgja med på korleis elevane er saman med kvarandre, og korleis dei har det på skulen. Å følgja med er ein nødvendig aktivitet for å kunna få kjennskap til om ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.
- ✓ **Gripa inn** Alle som arbeider på skulen har plikt til å gripa inn umiddelbart mot krenkingar med målsetting om å stoppa ein situasjon som går føre seg og som er rimeleg akutt.
- ✓ **Varsla** All mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen skal varslast til rektor eller ein annan person på skulen som rektor har peika på til å ta imot varsel.
- ✓ **Undersøkja saka** Skulen har plikt til å undersøkje saker der elevar melder frå om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Skulen skal avdekka kva som er skjedd, få fram fakta i situasjonen og bakgrunnen for eleven si oppleving.
- ✓ **Setja inn tiltak** Dersom undersøking visar at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø skal skulen setja inn tiltak som er eigna til å sikra eleven eit trygt og godt skulemiljø.



I det førebyggjande arbeidet er det nødvendig å etablere ei felles forståing av mobbing og krenkingar hos dei vaksne. Dei profesjonelle vaksne er proaktive, fangar opp negative åtferdsmønstre og krenkingar før den negative åtferda får etablert seg, har gode rutinar for klassemiljøundersøkingar, gjennomfører elevsamtalar og observasjonar og utarbeider aktivitetsplanar ved behov i samarbeid med føresette.

Skulen sitt førebyggjande arbeid skal visast i plan og årshjul og sikra at den har vaksne som kan førebyggja mobbing og krenkingar.

Skulane i Austevoll har ulike verktoy eller program i det førebyggjande arbeidet, og som kan brukast til å avdekka om elevane har eit trygt og godt skulemiljø:

Tiltak	Skildring av tiltak	Tid	Ansvar
Trivselsleiar-programmet I barneskulane	Aktivitetsfriminutt med målsetjing om å: <ul style="list-style-type: none"> <li>• fremja auka og meir variert leik/aktivitet i friminutta</li> <li>• leggja til rette for at elevar skal kunna byggja gode vennsksrelasjonar</li> <li>• redusere konfliktrar mellom elevar</li> <li>• fremja verdiar som inkludering, vera vennleg og visa respekt</li> </ul>	Kvar veke	Alle tilsette på skulen
Zippy`s venner	Program på 1.-4. trinn	Gjennom skuleåret	Kontaktlærar
Helsesjukepleiar	Psykisk helse 3.-7. trinn	Gjennom skuleåret	
MOT i ungdomsskulen	MOT er ein haldningsskapande organisasjon som arbeider for og med målsetjing om å bidra til robuste ungdommar og trygge ungdomsmiljø.	Gjennom skuleåret	Rektor, skuleleing, MOT-instruktørar
Klassetrivsel.no Spekter	Verktøy der vi spør ikkje-anonymt om eleven sitt skulemiljø. Brukast som klassemiljøundersøking og/eller som førebuing til elevutviklingssamtale	Ved behov og minimum haust og vår	Kontaktlærar
Sosial aktivitet	Foreldreinitiert	Gjennom året	Klassekontaktar
Elevsamtalar	Trivsels- /fagsamtale	Regelmessig og ved behov	Kontaktlærar
Elevundersøkinga	5.-10. trinn	November	Rektor
Trivselsundersøking	Gjennomføra undersøking i klassemiljøet		Kontaktlærar
Fadderordning	Tips til fadderkurs ligg i overgangsplanen		
Vennsksreglar			
Oppfølging av klassemiljø	Spekter eller klassetrivsel.no Observasjonar ved behov Samtalar	Ved behov	Rektor




## Handtera mobbing og andre krenkingar

Det å handtera mobbing og andre krenkingar handlar om korleis skulen avdekkar, grip inn, stoppar og følgjer opp saker om mobbing og andre krenkingar.

Retten til eit trygt og godt skulemiljø er ein individuell rett. Det er den einkilde si oppleving av skulemiljøet som danner utgangspunktet for handteringa av opplæringslova §9A. Elev og føresette kan be om tiltak for å betra skulemiljøet, og det kan meldast både skriftleg og munnleg. Meldingar frå elevar eller føresette skal takast på alvor.

Rektor har det overordna ansvar for at skulen følgjer opp saker som vedkjem skulemiljø, og skal snarast undersøka saka. I avdekkingsarbeidet skal skulen sørgja for at saka vert dokumentert og at elev og føresette får informasjon undervegs. Dokumentasjon skal leggjast i eleven si mappe i websak.



### Verktøy for systematisk avdekking

Det er ulike måtar å avdekka krenkingar og mobbing, og kva verktøy og systematikk som skal brukast varierer frå sak til sak. Det viktige er at skulen arbeider systematisk for å kartlegga og avdekka kva som eigenleg skjer mellom elevane. Når ei sak er meldt, skal ein setja igong undersøking snarast og skulen skal ha eit kunnskapsbasert grunnlag til avdekking. Ved mistanke om mobbing kan ei sjekkliste vera føremålstenleg å bruka i eit team (vedlegg).

Anbefalingar i avdekkingsarbeidet er å bruka klassemiljøundersøkingar, elevsamtalar, observasjonar.

- ✓ **Klassemiljøundersøking**  
Når ein gjennomfører undersøkingar i klassemiljøet, får ein fram korleis elevane har det seg i mellom. Skal ein få fram informasjon bør denne undersøkinga ikkje vera anonym. Verktøyet **Spekter** og **Innblikk** (Læringsmiljøsenderet) eignar seg godt for å få fram informasjon som kan vera vanskeleg å observera for den vaksne.
- ✓ **Elevsamtaler**  
Alle skulane gjennomfører elevsamtalar med jamne mellomrom. Ei elevsamtale med føremål om å avdekka krenkingar og/eller mobbing treng ikkje å vera like omfattande som ei ordinær samtale. Spørsmåla frå **Innblikk** kan brukast for å få meir informasjon om trivselen til elevane samstundes som læraren får vist si interesse for eleven.
- ✓ **Systematiske observasjonar**  
Medan klassemiljøundersøkingar og elevsamtalar gir indikasjonar på kva som skjer, vil ein systematisk observasjon gi svar på kva som faktisk skjer. Då går ein planmessig inn «med auge og øyrer» og observerer kva som skjer i elevgruppa. Observasjonar kan fanga opp mønster i samhandling som ein elles ikkje ser så godt.  
**Innblikk** (Læringsmiljøsenderet) viser til at ein treng å trena for å bli ein god observatør. Det er mogleg å bruka kollegarettleing, og øvingsarena kan vera team- eller trinntid innafor skulen sitt system for læring.

## Stoppa og handtera

Krenkingar og mobbing må møtast med målretta tiltak. Skulen skal sikra ei saksbehandling og oppfølging som er i tråd med opplæringslova og forvaltningslova. Dokumentasjon av undersøkingar og observasjonar skal informerast om i møte med elev og føresette, og danna grunnlag for dei tiltaka som vert sett inn i ein aktivitetsplan som skal visa:

- kva problem som skal løysast
- kva tiltak som er planlagt
- kor tid tiltaka skal gjennomførast
- kven som er ansvarleg for tiltaka
- kor tid tiltaka skal evaluerast

## Skulen har plikt til å setja inn tiltak

- Tiltaka skal vera til barnets beste, medverknad av elev og føresette
- Utforming av tiltak kan vera på ulike nivå: individnivå, gruppenivå, systemnivå
- Rektor har alltid det overordna ansvaret men kan oppnemna eit ansvarleg team samansett av lærarar, tilsette i SFO og skuleleiing, teamet utarbeider mål
- Tiltak overfor den som mobbar: konfronterande samtale
- Tiltak for den som blir mobba
- Sanksjonar
- Følgja opp både mobbaren og den som blir mobba
- Informera om klagerett

## Når vaksne krenkar

Dersom ein tilsett krenkar eller mobbar einskildelevar eller grupper av elevar, skal rektor sørgja for at åtferda tek slutt snarast, og behandlar saka som ei personalsak. Saka skal meldast inn i kommunen sitt avvikssystem og varslast kommunalsjef.

## «Jobbing mot mobbing»

Det er vist til Austevoll kommune sin overordna plan for det førebyggjande og haldingsskapande arbeidet mot mobbing 0-20 år (2011). Dei overordna måla i denne planen er:

Barn og unge skal erfara nulltoleranse når det gjeld mobbing. Det tyder at alle barn og unge skal vera trygge i barnehagen, på skulen og i fritid ved at dei opplever at vaksne tek ansvar og aktivt grip inn når dei oppdagar at nokon vert fysisk eller psykisk plaga og/eller stengt ute frå fellesskapen.

Alle tilsette i barnehagar og skular i Austevoll skal ha kunnskap om mobbing, korleis ein oppdagar og førebyggjer, og ha handlingskompetanse på korleis ein handterer mobbing.

Foreldre/føresette blir møtt som ressurspersonar og stabile haldepunkt i samarbeidet med barnehage/skule/fritidsmiljø omkring det å utvikla trygge og robuste barn

Lokalsamfunnet i Austevoll ønskjer å mobilisera eit haldningskapande arbeid mot mobbing ved å skapa forankring og motivasjon blant dei vaksne som barn og unge møter på ulike arenaer; dvs at barn og unge møter ei felles plattform av haldningar, verdiar og reaksjonar mot mobbing.

Desse målsettingane står framleis ved lag, og dannar grunnlaget for skulen sin praksis.

# Vedlegg/ressursbank






## Rutine for å følgja med på skulemiljøet

I Austevoll skal alle skular følgja med på skulemiljøet til elevane etter denne planen:

Tiltak	Skildring	Kor tid	Ansvar
Plan for sosial kompetanse	Skulen skal ha ein plan for sosial kompetanse. Planen skal vera ein aktiv del av undervisinga	Gjennom heile skuleåret	Rektor
Kartlegging av skulen sitt areal – ute og inne	Kva område ute og inne er kritiske med tanke på konflikhtar, knuffing mellom elevar? Diskuterast i personalet. Vera medvite i organisering av inspeksjonsplan.	Jamleg gjennom skuleåret. Tidfesta i skulen sitt årshjul	Rektor
Elevmedverknad i kartlegging av område	Elevane skal medverka i å definera område ute og inne der det ikkje opplevest trygt.	Elevråd Elevsamtale	Kontaklærar
Inspeksjonsplan	Vakt-/inspeksjonsordningar med tydelege ansvarsområde. Vurder om inspeksjonsplan skal justerast etter elevane sin medverknad	Kvar dag	Rektor og alle tilsette
Rutiner for systematisk tilsyn i friminutt og ved overgongar	Korleis inspeksjonen/tilsynet skal gjerast. Kva rolle den vaksne skal ha	Sett opp ein standard ved starten av skuleåret. Evaluering i team og plangruppe	Rektor
Vaksne for vennskap	Temaveke	Tidleg, etter skulestart	Rektor/skuleleing
SMU/SU, FAU, elevråd	Undersøkingar og skulen sine forslag til tiltak skal takast opp i SMU SU gir råd om tiltak	Ved skulestart Snarast etter undersøkingar	Rektor Leiar SU
IKT-plan for grunnskulen i Austevoll	Digital dømmekraft. Elevane skal kunne førebyggje og handtere uønska hendingar på nett	Kontinuerleg	Rektor Lærarane
Kartlegging av læringsmiljø	Gjennomføra undersøking i <a href="http://klassetrivsel.no">klassetrivsel.no</a> eller <a href="http://spekter.no">Spekter</a> . Dersom resultat viser utrygge skulemiljø skal prosedyren i kvalitetssystemet følgjast	Årleg og ved behov	Rektor Kontaktlærar
Klasse-/trivselsreglar	Etablering av reglar og rutinar er eit verkemiddel for å fremja læring i klasserommet, og har tyding for gruppa som sosialt system.	Ved skulestart Haldast vedlike gjennom året	Kontaktlærar

## Rutine for systematisk tilsyn/inspeksjon

Slik skal du opptre ved tilsyn/inspeksjon:

Ha tilsyn og gi rettleiing på ein slik måte at du heile tida har oversikt over alle delar av uteområdet som du har ansvar for	Ver i bevegelse 	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Beveg deg heile tida slik at du kjem i kontakt med så mange elevar som mogleg</li> <li>• Flytt deg uregelmessig slik at elevane ikkje kan forventa kor tid du kjem</li> <li>• Ver spesielt merksam på område der det kan oppstå konflikhtar</li> </ul>
	Skanning 	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjå og lytt heile tida til dei ulike aktivitetane slik at du veit kva som går føre seg på området</li> <li>• Sjå etter ønska og uønska åtferd – ver spesielt merksam på område der det kan oppstå konflikhtar</li> <li>• Oppmuntra til positiv samhandling og ønska åtferd</li> </ul>
Ver positiv og oppmuntrande for å støtta opp om positiv åtferd	Positiv involvering 	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Involver deg ofte</li> <li>• Ver open, vennleg og gi hjelp</li> <li>• Gi spesifikk positiv respons til positiv åtferd</li> </ul>
	Oppmuntring 	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gi ros for spesifikk åtferd</li> <li>• Gi ros så fort som mogleg</li> <li>• Bruk 5:1-regelen</li> </ul>
Handter problemåtferd på ein konsekvent måte. Bruk milde, rimelege og kjente konsekvensar	Handtering av problemåtferd 	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Korriger åtferd med ein gong</li> <li>• Fokuser på åtferd som skal stoppa</li> <li>• Handter problemet så privat som mogleg (på tomannshand)</li> <li>• Ver roleg, bruk enkelt språk</li> <li>• Ver vennleg og bestemt</li> <li>• Stopp argumentasjonar</li> <li>• Opptre rettferdig</li> </ul>

### Arbeid med inspeksjon

Friminutta er tid for sosial fellesskap og relasjonsbygging mellom elevane. Skulen si tilrettelegging for trivnad og tryggleik er nært knytt til opplæringslova §9A-3 der det står: «Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø der den enkelte eleven kan oppleve trygglek og sosialt tilhøyr».

Godt tilsyn til elevane i friminutt er eit viktig mobbeførebyggjande tiltak. I rettleiaren frå Utdanningsdirektoratet, «Arbeid mot mobbing», peikar ein på at mesteparten av mobbing skjer på område der det ikkje er vaksne tilstade. Dei vaksne må derfor prioritera inspeksjon og leggja vekt på å ha ein god kvalitet på inspeksjonen.

## Tilsyns-/inspeksjonsplan

Tid	Stad/område	man	tirs	ons	tors	fre

Rutinar: Utevaktar skal bruka vest. Vaktskifte i storefri skal skje ute. Ved planlagt fråver skal vaktane/tilsynet byttast på førehand.

## Undersøking av skulegarden

Lag eit kartomriss av uteområdet

Rutine for læraren

Dette er skulegardsundersøkinga:	Slik gjer du:
Skulegardsundersøkinga vert gjennomført som ei elevsamtale. Etter nokre spørsmål skal eleven setja kryss på kartomrisset der han/ho oppheld seg, og kjenner seg utrygg.	<b>Les denne teksten for eleven:</b> På skulen vår skal alle ha det bra. Ingen skal bli erta eller plaga. Eg vil gjerne vita korleis du har det i friminutta.
Kvar elev skal ha nytt ark slik at dei ikkje ser kva andre har svart. Når alle samtalane er gjennomført, teiknar du inn raude og grønne kryss på arket, og leverer det til rektor.	<b>Still eleven spørsmål om friminuttet:</b> Kva likar du leika i friminutta? Har du nokon å vera saman med i friminutta? Har du blitt plaga? Har du sett andre bli plaga?  <b>Sjå på kartomrisset. Set kryss (forklar ved behov):</b> Kor likar du å leika? Eleven set kryss med grøn farge Kor kjennner du det er utrygt? Eleven set kryss med raud farge Kor bør dei vaksne vera? Eleven set kryss med raud farge

## Sjekkliste ved mistanke om mobbing

Teamet gjennomgår punkta i sjekklista. Dersom ein svarar ja på fleire av punkta, er det grunn til å setja i gong undersøkingar med mål om å avdekka mobbing.

	Ja/nei	kommentar
Er det særleg sårbare elevar i gruppa?		
Har nokre av elevane tidlegare vore involvert i mobbing?		
Er det elevar med proaktiv aggresjon i gruppa?		
Har det vore enkeltepisodar med krenkingar?		
Har det vore endringar i tilhøvet til dei vaksne i gruppa?		
Ser det ut til å vera uvanleg mange klikkar i gruppa?		
Er det elevar som er særleg populære?		
Er nokon av elevane upopulære?		
Har det vore episodar med utagering/vald?		



Nynorsk

## Spørjeskjema til elevane

Me ynskjer å kartleggja læringsmiljøet i klassen din. Svar ærleg på spørsmåla. Ingen elevar eller føresette får sjå kva du svarar.

Namn: .....

Klasse: .....

1. Kven i klassen vil du helst vere saman med i friminutta?

Du kan skrive tre namn

2. Kven i klassen er det som bestemmer mest?

Du kan skrive tre namn

3. Kven i klassen hjelper andre elevar viss dei treng det?

Du kan skrive tre namn

4. Dersom læraren treng hjelp, kva for nokre elevar vil hjelpe?

Du kan skrive tre namn

5. Kven i klassen bråkar i timane?

Du kan skrive tre namn

6. Eg trur dei andre i klassen synest det er for mykje bråk i timane (Set kryss)

Heilt ueinig ..... Litt ueinig ..... Litt einig ..... Heilt einig .....

7. Eg synest det er for mykje bråk i timane (set kryss)

Heilt ueinig ..... Litt ueinig ..... Litt einig ..... Heilt einig .....

8. Kor ofte bråkar du i timane? (set kryss)

Aldri ..... Kvar veke ..... Omtrent kvar dag ..... Omtrent kvar time .....

Om mobbing:

*Mobbing er vonde handlingar som utestenging, ryktespreiing, erting eller dytting, slag og spark mot ein som ikkje kan forsvare seg.*

Det kan av og til vere vanskeleg å vite om det som har skjedd er mobbing. Det er likevel viktig at du varslar via Spekter.

9. Kor ofte er du blitt mobba på skulen av nokon i klassen din dei siste månadene? (set kryss)

Aldri ..... Av og til ..... To - tre gonger i månaden ..... Kvar veke ..... Omtrent kvar dag .....

10. Dersom du er blitt mobba, kven er det som har mobba deg?

Skriv namn

11. Kor ofte har du mobba andre i klassen din på skulen dei siste månadene? (set kryss)

Aldri ..... Av og til ..... To - tre gonger i månaden ..... Kvar veke ..... Omtrent kvar dag .....

12. Dersom du har mobba andre, kven har du mobba?

Skriv namn

13. Kven i klassen mobbar andre?

Skriv namn

14. Kven i klassen blir mobba?

Skriv namn

15. Kven i klassen trur du vil hjelpe ein annan elev dersom ho eller han blir mobba?

Skriv namn

Om digital mobbing:

*Med digital mobbing meiner me vonde handlingar ved bruk av for eksempel mobiltelefon, nettbrett, PC, mot ein som ikkje kan forsvare seg. Det kan vere utestenging frå sosiale mediar, ryktespreiing eller erting.*

Det kan av og til vere vanskeleg å vite om det som har skjedd er mobbing. Det er likevel viktig at du varslar via Spekter.

16. Kor ofte er du blitt mobba digitalt av nokon i klassen din dei siste månadene? (set kryss)

Aldri ..... Av og til ..... To - tre gonger i månaden ..... Kvar veke ..... Omtrent kvar dag .....

17. Dersom du er blitt mobba digitalt, kven er det som har mobba deg?

Skriv namn

18. Kor ofte har du mobba andre i klassen din digitalt dei siste månadane?



Aldri ..... Av og til ..... To - tre gonger i månaden ..... Kvar veke ..... Omtrent kvar dag .....

**19. Dersom du har mobba andre digitalt, kven har du mobba?**

**Skriv namn**

**20. Kven i klassen blir mobba digitalt?**

**Skriv namn**

**21. Kven i klassen mobbar andre digitalt?**

**Skriv namn**

**Spørsmål om mobbing frå vaksne på skulen:**

**22. Kor ofte er du blitt mobba av vaksne på skulen dei siste månadane?**

Aldri ..... Av og til ..... To - tre gonger i månaden ..... Kvar veke ..... Omtrent kvar dag .....

**23. Kor ofte har du sett andre elevar i klassen bli mobba av vaksne på skulen?**

Aldri ..... Av og til ..... To - tre gonger i månaden ..... Kvar veke ..... Omtrent kvar dag .....

**24. Kven i klassen blir mobba av vaksne på skulen?**

**Skriv namn**

**25. Er det noko anna du ønsker å fortelje som gjeld korleis de har det i klassen?**

## Rutine ved handtering av krenkingar og mobbing

### Aktivitetsplikta

Fase	Oppgåve	Ansvar	Dokumentasjon	Tid
Melding	Ein får kjennskap og kunnskap om skulemiljøet til ein elev	Rektor Kontaktlærer	Motteken melding Referat	Ved kjennskap/ mistanke
Undersøking	Setja i gong undersøking i saka	Rektor og kontaktlærer	Undersøking Observasjon Samtalar Utkast til aktivitetsplan Referat	Straks
Utforma aktivitetsplan	Setja inn tiltak som er eigna til å løysa problemet eleven har ( i samarbeid med heimen) Eleven skal bli høyrte	Rektor Kontaktlærer	Referat og utforming av aktivitetsplan	Snarast mogleg og innan 5 dagar
Tiltak	Setja i verk tiltak Ha jamlege oppfølgingssamtalar med elevar som er involverte	Rektor Kontaktlærer	Fylla ut aktivitetsplanen	Snarast mogleg
Evaluera tiltak	Møte med føresette Evaluering av aktivitetsplanen Avtala vidare oppfølging	Rektor Kontaktlærer	Referat	Ved behov/ etter avtale
Følgja opp	Oppfølging etter at det er slutt på krenkingar og mobbing	Rektor	Referat	

## Konfronterande samtale

Samtala skal gjennomførast med ein og ein elev. Elevane skal ikkje ha anledning til å snakka saman mellom samtalane.

Samtale med den som vert krenka/mobba	Samtale med den som krenkar/mobbar
Hent eleven ut frå klassen	Hent eleven ut frå klassen
Start med å seia at du kjenner til mobbinga	Start med å seia at du kjenner til mobbinga
Sei klart og bestemt at dette ikkje er greitt, og at dette skal stoppa (gje eleven støtte)	Sei klart og bestemt at du og skulen ikkje aksepterer det, at mobbinga skal ta slutt straks, og at rektor er informert
La eleven fortelja utan å presse	Spør om eleven vil seia noko (lytt og ikkje gå inn i diskusjon)
Fortel i grove trekk kva du/skulen skal gjera og at rektor er informert	Gjenta at mobbinga skal stoppa straks
Sei at du skal halda eleven oppdatert	Inviter den som mobbar til samarbeid, td ved å spørja om han/ho har sett at andre plagar den som vert mobba. Om ja: Spør kva eleven kan bidra med
Avtal nytt møte	Avslutt og gå med eleven til klassen
Ta kontakt med føresette til eleven	Hent ut neste elev
	Ta kontakt med føresette til eleven

# Skjema for avtale etter samtale med elevar etter avdekking av mobbing

Elev: \_\_\_\_\_

Dato: \_\_\_\_\_

1) Det er kome melding frå ..... om at du mobbar (elev).....

Det er kome melding frå..... om at du bråkar.

2) Du har ansvar for å løysa dette. Du har to alternativ:

**A** Du kan halda fram med å vera ein negativ leiar/elev/gut/jente. Det vil føra til at du må i møte med rektor.

**B** Du kan velja å vera ein positiv leiar/elev/gut/jente.

Dei fleste ønskjer å vera i lag med dei som er positive. Når ein blir vaksen og skal ha jobb må ein kunna vera ein god leiar eller arbeidstakar for å få jobben. På skulen kan vi øva oss på å bli gode leiarar og å samarbeida med andre.

**Eleven sitt val ved alternativ B: Kva må du gjera for å endra åtferda di?**

Eleven sitt/sine

forslag: \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

**Kva er det viktigaste du vil begynna med?** Kva kjem som nr. 2 osv. Hjelp ev. eleven til å bryta ned prioriteringane.

Eleven sitt/sine forslag:

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

3) Eleven skal vurdere seg sjølv etter ..... dagar/veker

**Lærer må gjera eleven kjent med at det blir teke kontakt med heim for å orientera, før skuleslutt same dag.**

Underskrift på lærar som har gjennomført samtalen: \_\_\_\_\_

## Aktivitetsplan 9A

Tiltak som gjeld det psykososiale skulemiljøet til (eleven sitt namn) \_\_\_\_\_

### 1) Problem som skal løysast

- 

Tiltak som skulen har planlagt

- 
- 

Tidsrom tiltaka skal gjennomførast i

- 

Ansvarleg for gjennomføringa av tiltak

- 

Evaluering av tiltak

- Heim og skule blir samde om møte for evaluering og oppfølging av planen/tiltak.
- Dato for nytt møte

Ev. oppsummering av kommunikasjon med elev og foreldre

### 2) Problem som skal løysast

Tiltak som skulen har planlagt

Tidsrom tiltaka skal gjennomførast i

Ansvarleg for gjennomføringa av tiltak

Evaluering av tiltak

Evt. oppsummering av kommunikasjon med elev og foreldre